
Saksnr: 2020/1992-1
Saksbehandlar: Erlend Hofstad

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		15.10.2020

Tilskot til sikring og istandsetting av Bryggen. Revidering av retningslinjer

Forslag til vedtak

Hovudutval for kultur, idrett og integrering sluttar seg til dei reviderte retningslinjene for tilskot til sikring og istandsetting av Bryggen.

Samandrag

Saka gjeld revidering av dei fylkeskommunale retningslinjene for tilskot til sikring og istandsetting av verdsarvstaden Bryggen i Bergen. Vestland fylkeskommune har ansvar for å fordela tilskotsmidlar frå statsbudsjettet til istandsetting, sikring og fellesoppgåver på Bryggen. I tillegg til statlege retningslinjer har tilskotsordninga eigne regionale retningslinjer, for å gjera tilskotsordninga best mogleg tilpassa sikrings- og istandsettingsprosjekta på Bryggen. I samband med fylkessamanslåinga er desse retningslinjene revidert og vert lagt fram for vedtak i hovudutvalet. Hovudinnhaldet frå dei tidlegare retningslinjene vert vidareført, men det er gjort nokre justeringar og forenklingar.

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

David J Aasen Sandved
seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Nye retningslinjer
- 2 Gamle retningslinjer

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Sidan 2010 har Hordaland, og no Vestland, fylkeskommune hatt ansvar for å fordela offentlege tilskotsmidlar til istandsetting, sikring og fellesoppgåver på verdsarvstaden Bryggen i Bergen. Midlane blir løyvd frå statsbudsjettet, kapittel 1429 post 79 - tilskot til verdsarven. På bakgrunn av innkomne søknader frå eigarane på Bryggen sender fylkeskommunen kvart år ein samla søknad til Riksantikvaren, og får ei rammeløyving til fordeling på søkerane.

Som for dei andre tilskotsordningane på kulturminnefeltet med finansiering frå statsbudsjettet, vert tilskota til Bryggen forvalta innafor retningslinjer frå Riksantikvaren, rundskriv frå Klima- og miljødepartementet og vilkår for tilskot frå statsbudsjettet. Informasjon frå Riksantikvaren om tilskot til verdsarven finst her: <https://www.riksantikvaren.no/veileder/post-79-verdensarv/>. Samstundes har tilskotsordninga for Bryggen hatt eigne retningslinjer, vedtekne av fylkeskommunen. Desse supplerer dei statlege retningslinjene med meir detaljerte reglar tilpassa særtrekka ved istandsetjinga av Bryggen, der mange av istandsettingsprosjekta er særers omfattande, kompliserte og kostbare. Det vert då særleg stor trong for god planlegging, budsjettering, økonomistyring og rapportering, og retningslinjene gir føringar for korleis dette skal gjerast. Retningslinjene byggjer på langvarig, etablert praksis for tilskotshandsaminga på Bryggen og er justert fleire gonger, seinast i 2016.

I samband med fylkessamanslåinga er det vurdert som naudsynt at retningslinjene vert vedtekne på ny. Samstundes er høvet nytta til å gjera nokre justeringar. Hovudinnhaldet er uendra: kva det kan søkast om, reglar om eigendel, krav til søknaden, vilkår for tildelinga, moment ved prioriteringa og reglar for rapportering. Desse framgangsmåtane er godt innarbeidde både hos forvaltninga og blant eigarane på Bryggen og fungerer bra, og det er difor ikkje vurdert som tenleg å gjera endringar her. Derimot er enkelte reglar av meir ålmenn karakter, som gjentek føringar i dei statlege retningslinjene, sløyfa. Dette gjeld punkta om misleghald, vesentlege avvik og klage, og underpunktet om særattestasjon av rekneskap. Ved i størst mogleg grad å unngå gjentakingar og overlappande reglar i dei ulike reglementa som gjeld for tilskotsordninga, er målet å gjera retningslinjene meir oversiktlege. Vidare er retningslinjene redigert om, for å få ein ryddigare rekkefølge og unngå gjentakingar. Ein del punkt har difor fått nytt nummer, sjølv om innhaldet ikkje er endra. Ymse detaljjusteringar av ordlyden er òg gjort.

For å spegla at det offentleg finansierte istandsettingsarbeidet av Bryggen med åra er gått over frå eit prosjekt til ei tilskotsordning på linje med andre tilskotsordningar på kulturminnefeltet, er namnet endra frå «Prosjekt Bryggen» til «Tilskot til sikring og istandsetting av Bryggen.»

Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og integrering har avgjerdsmynde ved fordeling av statlege tilskot og stønadsordningar som fylkeskommunen er sett til å ivareta innanfor sitt arbeidsområde, jf. Reglement for folkevalde organ og delegering

Vurderingar og verknader

Økonomi: Tilskotsordninga gjeld fordeling av midlar frå statsbudsjettet og påverkar difor ikkje andre sider ved fylkeskommunens økonomi

Klima: Ikkje relevant

Folkehelse: Ikkje relevant

Regional planstrategi: Verdsarven er prioritert satsingsområde i kulturplanane

Konklusjon

Fylkesdirektøren syner til drøftingane ovanfor og rår hovudutval for kultur, idrett og integrering til å gjera vedtak i tråd med framlegget.